



ÅRSRAPPORT 2012



Adresse: Nordalsmarka 30, 6900 Florø
Org nummer: 995 717 468
Kontonummer: 3705 15 87600

E-post: sorstrand@gmail.com
Heimeside: www.sorstrand.no
Telefon: +47 920 45 505

Innhold


| | <i>side</i> |
|---|-------------|
| <i>Leiar</i> | 3 |
| <i>Årsmelding 2012</i> | 4 |
| <i>Regnskap for 2012 m/noter</i> | 8 |
| <i>Revisjon for 2012</i> | 10 |
| <i>Planteikningar frå Asplan Viak</i> | 11 |
| <i>Årsmøte i Sørstrand Folkepark 2013</i> | 12 |
| <i>Protokoll frå årsmøte 2013</i> | 13 |
| <i>Medlemmer</i> | 16 |
| <i>Vedtekter</i> | 17 |

Leiar



Vi har bak oss eit innhaldsrikt år for Sørstrand Folkepark. 2012 vart året for ei storstilt oppgradering av badestranda. 2013 vert ikkje mindre utfordrande. Vi går no over i ein fase der vi skal utvikle folkeparken til noko meir enn ein fin badeplass. Fram til no har arbeidet vist store og synlege resultat, og "alle" har eit positivt forhold til Sørstrand Folkepark og det som har vore gjort så langt. No kjem tida då vi skal løfte oss til ein unik folkepark i regional målestokk. Grunnlaget er lagt og vi har no framføre oss ein periode med fleire store utbyggingsprosjekt. Nye område som skal utviklast i perioden er aktivitetsjungelen rundt grillhytta, vi skal erobre Flatholmen og i tillegg starte arbeidet med å reise eit servicebygg. Dette er prosjekt som krev store økonomiske bidrag, mykje frivillig arbeid og godt samarbeid mellom planleggjarar, lokale organisasjonar og brukarar. Etter kvart som parken tek form, aukar kravet til planlagt ettersyn og vedlikehald. Vi er i ferd med å utvikle ein modell for denne delen av arbeidet, mellom anna gjennom å teikne avtaler med lokale bedrifter om langsiktig økonomisk støtte. Her er det framleis ledige plassar og vi er takknemlege for alle som ser verdien av å bidra til eit berekraftig vedlikehaldsprogram. Grunntanken for parken er at den skal vere for alle. Det gjer at vi har eit sterkt fokus på universell utforming. Erfaring tilseier at dersom ein gjer godt planleggingsarbeid, treng ikkje dette fordyre prosjektet. Og den menneskelege verdien er fleire nøgde brukarar. På årsmøtet føreslår vi å auke talet styremedlemmer for å famne breiare både idear, kompetanse og kreativitet i høve til drift og utvikling. Ditt bidrag er å bruke parken aktivt og komme med tilbakemeldingar slik at vi kan utvikle den vidare. Og skulle du ha lyst til å delta på dugnad, prosjektarbeid, styrearbeid eller anna så ta kontakt! Til slutt ein stor takk til alle som har bidrige i året som gjekk. Utan eldsjeler, ingen park!

Florø, 20. februar 2013


Jan Nygård
Styrelieiar

Årsmelding 2012

Sørstrand Folkepark

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle og realisere det 175 mål vakre frimrådet som ligg heilt sør på florelandet. Frivillig arbeid og finansiering frå ulike offentlege og private støtteordningar er innsatsfaktorane. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.12 hadde den 212 registrerte medlemmar, ei auke på 22 frå året før. Medlemsskapet er evigvarande og kostar 100 kroner for privatpersonar og 1000 kroner for bedrifter. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet. 2012 var det andre heile driftsåret.

Tilskot og gåver i 2012

Sparebankstiftinga i fylket gav 150 tusen kroner til den første brua på Sørstrand og frå INU-fondet vart foreininga løyvd nye 500 tusen kroner. Av gåver frå lokale bedrifter vil vi trekke fram 20 tusen kroner frå Nortekstil, 5 tusen kroner frå A-Å og 3 tusen kroner frå Bravo Seafood. Gåvene vert inntektsført i innbetalingsåret. Tar vi med at gåva frå Sparebankstiftelsen DNB vart innbetalt i januar 2013, er alle varsle gåver innbetalt.

Driftsgrunnlaget

Dei store gåvene er typisk knytt til store investeringsprosjekt der vedlikehald og drift uttrykkeleg skal haldast utanfor. Men med store investeringar følgjer drift og vedlikehald. Dette må løysast som eit spleiselag mellom brukarar, lokale bedrifter og kommunen. Styret har starta ei vervekampanje der ein søker lokale bedrifter som kan gje foreininga eit meir pårekneleg driftsgrunnlag gjennom pengegåver eller anna driftsstøtte som varer over fleire år. Nor Tekstil er den første lokale bedrifta som har varsle at den vil støtte oss over ein lengre periode. Det er vi svært takksame for, og vi voner fleire vil følgje etter. Kommunen vil på same måten bli utfordra til å bidra med årleg driftsstøtte. Styret vil også prøve å engasjere gjevargleda til folk flest gjennom til dømes ei "Sørstrand Folkeparks venner" foreining, driven frå Facebook/heimesida, basert på elektronisk betaling.

Reguleringsplan

Arbeidet med reguleringsplanen for området har teke mykje lenger tid enn venta. Dette skuldast kryssande interesser i Austvik-området der mellom anna val av trase for kloakkledning har bydd på utfordringar. Endeleg traseval vil mellom anna avgjere kor vegen frå parkeringsplassen og ned mot det planlagde sanitærbygget vil gå. Den nye vegen skal nemleg ligge oppå kloakkledningen, og vil få universell utforming. Reguleringsplanen vert lagt fram for Plan og miljø i mars, deretter skal den ut på høyring før den vert endeleg handsama i bystyret i juni.

Arbeidet med reguleringsplanen har kosta foreininga 88 tusen kroner. Foreininga har fått lovnader frå kommunen om at delar av kostnadane vil bli dekka. Det same gjeld områderegistreringa for mulege steinalderfunn. Dette kosta totalt 112 tusen kroner. Formannskapet i kommunen har gjort vedtak om at kostnaden vil bli dekka. Foreininga vil ta opp med kommunen korleis desse kostnadane kan dekkast.

I media

Det er viktig å vere synleg i media, for å informere lokalmiljøet kva som skjer av utvikling og kva som planleggast vidare. Det var mange reportasjar i Firdaposten i fjor knytt til oppgradering av stranda, Jonsokfeiring, namnekonkurranse med vidare. NRK hadde ei 2 timer lang sending frå stranda i sommar, med mykje skryt og god reklame. Heimesida vert nytta til å formidle nyhende, bilet, varsel om dugnadar etc. Desse meldingane blir spreidd til Kystpuls og Facebook-gruppa slik at dei dukkar opp på lokalavisene sine nettsider. I sum bidreg dette positivt til interessa for parken, og bruken av området tok seg kraftig opp gjennom fjaråret.

Dugnadsarbeidet

Frivillig innsats er viktig, og konsentrert om førefallande vedlikehald og kultivering av området. Reinsking av tang som driv i land på stranda må gjerast minst ein gong i månaden for å halde sanden rein. Gråtass kjem her godt med. Slåmaskina vert nytta til kultivering av nye og eksisterande grøne lunger. Arbeidet med vedlikehald vert stadig meir omfattande ettersom parken tek form, og vil frametter vanskeleg kunne baserast på dugnadsarbeid åleine.

Grillhytta vert halden open i helgane, og etter hytteboka å døme er tilbodet godt likt og brukt. Sparebøssa finansierer det som vert frambydd av pulverkaffi, solbærsaft og småkaker med meir.

Styret vil takke Jonsokkomiteen for eit strålende gjennomført arrangement. Jonsok på Sørstrand er blitt ein fin tradisjon som trekk mykje folk og som foreininga ønskjer å vidareføre.

Prosjektarbeid utført i 2012

Terøy Maskin fekk oppdraget med å opparbeide strand, kai, trapp, vegar og brufeste for bru nummer 1. Målet var ferdigstilling og opning i samband med Jonsokfeiringa. Det var eit omfattande arbeid som vart påbyrja i mars og ferdigstilt i juni, berre dagar før den planlagde opninga, til stor glede for dei 200-300 frammøtte.

Arbeidet med den første bruva kom også i gang i sommar. Dette arbeidet har stoppa opp av omsyn til at bruva ikkje tilfredsstiller dei krav som gjeld til universell utforming. Den bil bli skifta ut samstundes med at bru nummer 2 over til Flatholmen vert bygd. STX har sagt seg villig til å sponse bygging av ein ny stålkonstruksjon. Det betyr at foreininga

venteleg vil klare å få opp ei ny bru utan store ekstrakostnader. Foreininga er i samtaler med entreprenør om ei løysing på denne tvisten.

Planer og prioriteringar for 2013

Det vil bli søkt om gåver og tilskot i 2013 også. Flora Kommune sine tettstadmidlar finn vonleg vegen til Sørstrand i år også. Her vil dei i så fall gå til meir skjellesand, ny sand til volleyballbana, rullestein, trebrygger utover midtre holmen, og vidare utover Flatholmen mot fiskeplassen i sør.

Vi håper også at vi har med oss Sparebankstiftinga på bru nummer 2, slik dei var med på den første brua. Ein vurderer ulike løysingar for dette prosjektet, som venteleg kan gjennomførast i vår. Teikningar frå Kinn Arkitekter vert laga i skrivande stund og lokale entreprenørar vil venteleg legge inn sine tilbod i løpet av mars.

Elles vil ein starte prosjekteringa og utforminga av aktivitetsparken som Sparebankstiftelsen DNB har løyvd 250 tusen kroner til. Aktivitetsparken vil bli lagt til området inntil grillhytta. Foreininga førebur ein tilbodskonkurranse for prosjektet, basert på teikningar frå Asplan Viak. Førprosjektet er finansiert av Fylkeskommunen, som aktivt støttar foreininga sine mål om å legge til rette for universell utforming der det let seg gjere. Fylkeskommunen ønskjer å bruke Sørstrand som førebilete i si marknadsføring av universell utforming, og ein konferanse om dette vart halden i Florø 6. september 2012, med oppslutning frå heile fylket og med omvisning på Sørstrand. Det kom mange innspel til foreininga om det vidare arbeidet.

Det neste store løftet for området vil vere veg frå ny parkeringsplass og fram til sanitærbygg i nær tilknyting til stranda. Det føreligg teikningar frå Asplan Viak, men dette arbeidet er på vent til reguleringsplanen er godkjend. Dette prosjektet vil bli eit felles løft der både kommunale, fylkeskommunale og private interesser må løfte i flokk. Vi snakkar om investeringar på foreininga si hand i storleiken 2-3 million kroner. Vi voner at hausten 2013 kan bringe naudsynte avklaringar både økonomisk og praktisk slik at ein kan realisere dette i 2014.

Koordinator i saker som vedkjem kommunen

Foreininga har søkt kommunen om førehandsgodkjenning av mellom anna etablering av aktivitetspark og stiar. Dette er viktig i høve til mulegheita for å søkje om tippemidlar i ettertid. Styret erfarar at der fleire etatar er involvert, kan det ta lang tid å få avklaring frå kommunen. Rolf Bjarne Sund har tilbode seg å vere koordinator på vegne av oss i saker som vedkjem kommunen. Han vil sørge for at saker ikkje stoppar opp som følgje av manglande avklaring/kommunikasjon mellom ansvarlege avdelingar.

Regnskapet for 2012

Resultatregnskapet for 2012 viste eit underskot på 695 tusen kroner som er føreslått trekt frå eigenkapitalen. Inntektene utgjorde 723 tusen kroner, mens kostnadane utgjorde 1419 tusen kroner. Prosjektkostnadane utgjorde 1357 tusen kroner. Eigenkapitalen i foreininga var 168 tusen kroner pr. 31.12.12. Av eigenkapitalen utgjorde bankinnskot 98 tusen kroner.

Administrativt

Det vart avhelde 4 styremøte i 2012. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. Signe Marie Landøy er regnskapsførar, også det utan godtgjersle. Kinn Regnskap står for revisjon av regnskapet. Det er sett av 5 tusen kroner i honorar for 2012.

Styret fremmar i år forslag til årsmøtet om å endre vedtekten §5.5.3 første strekpunkt til å lyde 8 styremedlemmer, som inneber ei auke på 3. Bakgrunnen for forslaget er ønske om å styrke styret i arbeidet med å utvikle parken. Styret erfarar at det er meir effektivt å drive prosjektarbeid frå styret enn å delegera det til prosjektgrupper.

Florø, 12. mars 2013



Jan Henrik Nygård
Styrelseleiar



Sigmund Frøyen
Nestleiar



Magne Hovland
Styremedlem



Eirik Rostad Ness
Styremedlem



Audhild Teigen
Styremedlem

Regnskap for 2012 m/noter

Resultatregnskap 2012

| Resultatregnskap 2012 | Noter | 2012 | 2011 | 2010 |
|-----------------------------|-------|------------------|------------------|----------------|
| Grasrotandelen | | 7 498 | 2 167 | |
| Medlemskap | 1 | 2 200 | 7 100 | 5 000 |
| Medlemsskap bedrifter | | 8 000 | | |
| Tildelte tilskot | 2 | 650 000 | 1 650 000 | 200 |
| Sponsormidlar | 3 | 23 000 | 14 000 | |
| Leigeinntekter (grillhytta) | | 2 500 | 700 | |
| Salg diverse og gåver | | 3 198 | | |
| Momskompensasjon | | 27 008 | | |
| Sum driftsinntekter | | 723 404 | 1 673 967 | 5 200 |
| Inventar grillhytta | | 1 224 | | |
| Planarbeid | 4 | 16 563 | 178 888 | 11 250 |
| Prosjektarbeid | 5 | 1 356 877 | 455 175 | |
| Utstyr og materiell | 6 | | 19 232 | 12 600 |
| Arkeologiske kostnader | 7 | | 112 122 | |
| Revisjon | | 5 000 | 6 900 | |
| Forsikringspremie | | 1 773 | 1 392 | |
| Diverse postar | 8 | 15 590 | 15 559 | 4 011 |
| Vedlikeholdskostnader | 11 | 12 959 | | |
| Avskrivninger | 9 | 9 050 | 23 562 | 3 600 |
| Sum driftskostnader | | 1 419 035 | 812 830 | 31 461 |
| Renteinntekter | | 720 | 783 | 60 |
| Rentekostnader, gebyrer | | 110 | 1 638 | 1 429 |
| Årsresultat | | -695 021 | 860 282 | -27 630 |

Balanse pr. 31.12.2012

| Balanse pr. 31.12.2012 | Noter | 2012 | 2011 | 2010 |
|----------------------------------|-------|----------------|----------------|---------------|
| Traktor | | 1 | 1 | 14 400 |
| Slåmaskin | | 12 600 | 16 800 | - |
| Grillhytte | | 92 150 | 97 000 | |
| Bank | 10 | 98 414 | 756 285 | - |
| Sum eignelutar | | 203 165 | 870 086 | 14 400 |
| Eigenkapital | | 168 165 | 863 186 | 2 904 |
| Leverandørfordringar | | 30 000 | 1 900 | |
| Kassekreditt | 10 | | - | 11 497 |
| Avsett kostnad revisjon | | 5 000 | 5 000 | |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 203 165 | 870 086 | 14 400 |

Noter til regnskapet for 2012

| Note 1: | 2012 | 2011 | 2010 |
|---------------|------|------|------|
| Nye medlemmer | 22 | 71 | 50 |

| Note 2: | 2012 | 2011 | 2010 |
|---------------------------|---------|-----------|------|
| Gjensidigestiftelsen | | 800 000 | |
| Tettstadmidlar/INU-fondet | 500 000 | 700 000 | |
| Sparebankstiftinga | 150 000 | 150 000 | |
| Tildelte tilskot: | 650 000 | 1 650 000 | - |

| Note 3: | 2012 | 2011 | 2010 |
|-----------------------------------|--------|--------|------|
| Bistro to kokker | | 5 000 | |
| NOR Tekstil | 20 000 | | |
| Private | | 2 000 | 200 |
| A til Å Grafisk Design | 5 000 | | |
| Bravo Seafood | 3 000 | | |
| Sparebanken S. og Fj. | 2 000 | 2 000 | |
| Gunhildvågen Kjemiske Fagforening | | 5 000 | |
| Sponsormidlar: | 30 000 | 14 000 | 200 |

| Note 4: | 2012 | 2011 | 2010 |
|-----------------------------|--------|---------|--------|
| Arbeid med reguleringsplan: | 1 875 | 87 756 | 11 250 |
| Planarbeid parkeringsplass | 14 688 | 13 219 | |
| Planarbeid bru/veg/strand | | 77 913 | |
| Planarbeid: | 16 563 | 178 888 | 11 250 |

| Note 5: | 2012 | 2011 | 2010 |
|-------------------------------|-----------|---------|--------|
| Arbeid med vegar og parkering | 7 688 | 254 825 | |
| Arbeid med parkeringsplass | | 18 169 | |
| Arbeid med stranda/bru'er | 1 349 189 | 182 181 | 43 256 |
| Prosjektarbeid: | 1 356 877 | 455 175 | 43 256 |

| Note 6: | 2012 | 2011 | 2010 |
|---------------------|------|--------|--------|
| Plakatar | | | 3 113 |
| Kort | | | 5 313 |
| Rammer | | | 1 550 |
| Skilt | | 4 610 | 2 625 |
| Benkar | | 14 622 | |
| Udstyr og materiell | | 19 232 | 12 600 |

| Note 7: | 2012 | 2011 | 2010 |
|----------------------------------|------|---------|------|
| Marinarkeologiske registreringar | | 48 762 | |
| Arkeologisk utgraving | | 63 360 | |
| Arkeologiske kostnader: | | 112 122 | |

| Note 8: | 2012 | 2011 | 2010 |
|-------------------|--------|--------|-------|
| Porto | | | 553 |
| Annonsar | 2 161 | | 2 544 |
| Markedsføring | 2 625 | | |
| Diverse kostnader | 10 804 | 15 559 | 915 |
| Diverse postar | 15 590 | 15 559 | 4 011 |

| Note 9: | 2012 | 2011 | 2010 |
|----------------|-------|--------|-------|
| Traktor | 0 | 14 399 | 3 600 |
| Slåmaskin | 4 200 | 4 800 | |
| Grillhytte | 4 850 | 4 963 | |
| Avskrivningar: | 9 050 | 24 162 | 3 600 |

| Note 10: | 2012 | 2011 | 2010 |
|--|------|------|------|
| Kassekreditt avslutta i 2011, og ført som bankkonto. | | | |

| Note 11: | 2012 | 2011 | 2010 |
|---------------------|--------|------|------|
| Vedlikehold traktor | 12 395 | | |
| Drivstoff | 564 | | |
| Avskrivningar: | 12 959 | - | - |

Kinn Regnskap AS
Postboks 301
6902 FLORØ
Tlf 57 75 14 30
Faks 57 75 14 39
Aut. Regnskapsførerselskap
Org.nr. 986 553 258



Sørstrand Folkepark
Nordalsmarka 30
6900 Flørø

Flørø 11.03.2013

REVISJON FOR 2012

Vi har gått gjennom regnskapet for Sørstrand Folkepark for 2012.

Årsregnskapet består av en balanse pr 31.12.12 og resultatregnskap som viser et underskudd på kr 695 021,- for regnskapsåret avsluttet per denne dato, samt noter og årsrapport.

Vi har utført gjennomgang i samsvar med god regnskapsskikk og bransjestandard. Gjennomgang omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjon i oversikten.

Vi mener at oppstilling over regnskapet gir et forsvarlig uttrykk for Sørstrand Folkepark sin finansielle stilling og resultat for regnskapsåret 2012.


Med vennlig hilsen
Kinn Regnskap AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Siv Madsen".


Siv Madsen
Autorisert regnskapsfører

Planteikningar frå Asplan Viak

Planteikning for Servicebygg



Planteikning for aktivitetspark



Årsmøte i Sørstrand Folkepark 2013

Tid: 21. mars 2013 kl 20.00
Sted: Grillhytta

Dagsorden

1. Val av ordstyrar
2. Val av referent
3. Val av 2 medlemmar til å signere protokollen
4. Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2012
5. Medlemskapssaker
6. Planer og prioriteringar for 2013
7. Innkomne saker
8. Val av styre-, vararepresentantar og valnemnd

Protokoll frå Årsmøte 2013

Styreleiar ønskte velkommen til det tredje ordinære årsmøtet i foreininga si historie, denne gongen i Grillhytta. Det var 5 medlemmar tilstades, av totalt 212 registrerte medlemmar. Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 1: Val av ordstyrar

Jan Henrik Nygård blei foreslått som ordstyrar. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 2: Val av referent

Sigmund Frøyen blei foreslått som referent. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 3: Val av 2 medlemmar til å signere protokollen

Ingvild Hovland og Tor Solheim-Olsen blei foreslått til å signere protokollen. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 4: Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2012

Styreleiar gjennomgikk årsmelding og rekneskap for 2012. Det førelåg revisorerklæringa frå Kinn Rekneskap som viser at regnskap og noter er innanfor dei krav som gjeld. Både årsmelding og rekneskap vart godkjend utan merknader.

I gjennomgangen knytte styreleiar kommentarar til både medlemsrekrytering, arbeidet med reguleringsplan, og arbeidet med å utbetre bruva for å stette krava til universell utforming. Reguleringsplanen er no til handsaming i kommunen og vi venter i spaning på kva endeleig løysing vil bli mellom anna i høve til val av vegtrase. Brua vil bli noko lengre for å få stigninga innafor det som er kravet. Det vil ikkje påkomme vesentlege kostnader i samband med utbetringa. Den vil få sklisikkert dekke oppå dagens dekke.

Sak 5: Medlemskapssaker

Til liks med i fjor, var det i år heller ikkje fremja forslag om æresmedlemskap.

Årsmøtet vedtok å vidareføre dei satsar som gjeld for medlemskap.

- Kr 100 for privatpersonar
- Kr 1000 for bedrifter
- Kr 0 for foreiningar

Årsmøtet diskuterte ulike former for medlemsrekryttering utan at det vart gjort formelle vedtak.

Sak 6: Planer og prioriteringar for 2013

Styreleiar gjorde greie for det pågåande tilbodsarbeidet knytt til bru nummer 2, aktivitetsparken rundt grillhytta, veg og parkering langs nordsida mot Austvik. Det er mange prosjekter i gang, og prioriteringa i 2013 er vedlikehald av strand, ferdigstilling av bruer mot Flatholmen samt aktivitetsparken i sin grunnform. Ein voner at desse tre prosjekta kan ferdigstilla i løpet av året.

Veg og ny parkering må gjennomførast som et storprosjekt der også sanitærbygg og veg mot Kystmuseet vert gjort samtidig. Dette blir utfordringar for 2014 og 2015. Her er det behov for å frigjere ressursar fra kommune, fylket, stiftingar og lokale bedrifter i eit stort felles løft. Her snakkar ein om investeringar i storleiken 3-4 millionar kroner.

Sak 7: Innkomne saker

Styret fremma forslag om å endre vedtekten §5.5.3 første strekpunkt til å lyde 8 styremedlemmer, som inneber ei auke på 3. Bakgrunnen for forslaget er ønskje om å styrke styret i arbeidet med å utvikle parken. Styret erfarar at det er meir effektivt å drive prosjektarbeid fra styret enn å delegera det til prosjektgrupper. Årsmøtet støtta forslaget.

Sykkelklubben har fremja ønskje om å få lage sykkelstiar i parken. Årsmøtet er i utgangspunktet positiv til dette, men ein ser også innvendingar der lag/grupper får særrettar som hindrar almen bruk. Årsmøtet overlet til Styret å utgreie dette nærmare.

Styret ønskjer å vidareføre Jonsokfeiringa i regi av foreininga, og dei gode erfaringane med organiseringa av arbeidet. I og med auken i talet styremedlemmar, ser ein føre seg at dette kan løysast innanfor styret. Årsmøtet støtta forslaget.

Styret vil kartlegge mulegheita for å flytte volleyballbana inntil ein meter lenger sør for å få større plass mot steinrekka i nord. Årsmøtet støtta forslaget.

Styret ser det som viktig å få i stand møte med russen i førekant av russefeiringa for å gjere forpliktande avtaler om bruk og rydding av området. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 8: Val av styre-, vararepresentantar og valnemnd

Eirik Rostad Ness har takka nei til gjenval og Magne Hovland trekk seg frå styret. I tillegg skal styret aukast med 3. Valnemnda har fremja følgjande forslag til nye styremedlemmar:

- Ingvild Hovland
- Tor Solheim-Olsen
- Ane Eliassen
- Helge Sårheim
- Eivind Nordvik Hauge (fremja i møtet)

Valnemnda føreslår vidare at Sissel Strømmen etterfølgjer Tor Solheim-Olsen som vara. Samtlege for 2 år. Årsmøtet støtta forslaget.

Styret føreslo følgjande som ny valnemnd:

- Magne Hovland
- Eirik Rostad Ness

Årsmøtet støtta forslaget.

Styret består då av følgjande medlemmar: Jan Henrik Nygård, Sigmund Frøyen, Audhild Teigen, Ingvild Hovland, Tor Solheim-Olsen, Ane Eliassen, Helge Sårheim og Eivind Nordvik Hauge. Styret konstituerar seg sjølv.

Varamedlemmar er Sturle Sunde og Sissel Strømmen.

Styret føreslo at Kinn Regnskap fortsetter som revisor for foreininga. Kinn Regnskap har sagt at kostnaden for dette arbeidet skal førast som gāve. Årsmøtet støtta forslaget.

Florø, 31. mars 2013

Sigmund Frøyen

Referent

Ingvild Hovland

Ingvild Hovland

Tor Solheim-Olsen

Tor Solheim-Olsen

Medlemmar Sørstrand Folkepark pr. 31.12.12

| | | | | |
|---------------------------------|--------------------------|---------------------------|----------------------------|--------------------------|
| A til Å Grafisk Design og Media | Eli Kjerpeseth | Janecke Pedersen | Oddvar Kjell Grotle | Tore Brattbergsengen |
| Alvdis Solvang | Eli Kristin Magnussen | Janne Haugnes | Ola Teigen | Tore Gundersen |
| Anders Espeset | Elias Ferdinand Frøyen | Janne Solheim Olsen | Olav Roar Mortensen | Torhild Grete Lien |
| Ane Eliassen | Elin Marie Magnussen | Jarl Steinhovden | Ole Martin Bøhn | Torill Standal |
| Anita Solbakken | Elsa Horne | Jarle Tonheim | Ole Petter Aase | Trond Wefring |
| Anita Bruflat | Else Berge | Jens Fanevik | Ole Petter Dahl | Trond Teigene |
| Ann Turid Larsen | Else Oddbjørg Nydal | Johanna Vartdal | Ole Petter Asp | Trond Ingvar Sagen |
| Anne Grethe Strømsøy | Erna Stenseth | Johnny Lundekvam | Otto Grotle | Trond-Atle Asphjell |
| Anne Grethe Osland | Eskil Frøyen Nybø | Jørn Solheim Olsen | Pepita Frisørsalong | Trygve Nybø |
| Hellesen | Espen Lothe | Kari Sofie Larsen | Per Høydal | Turid Haarr Wefring |
| Anne Liv Lothe | Flora Kommune | KariAnne Alette Torvanger | Per Block Helmers | Unni Hillersøy |
| Anne Marie Baugstø-Hartvigsen | Flora Venstrelag | Karl Johan Moldestad | Per Vidar Ottersen | Vidar Solheim |
| Anne Therese Bendixen | Frank Gundersen | Karoline Angela Westlund | Per-Arve Havnen | Vidar Ask |
| Ann-Kristin Iversen-Seljeseth | Frode Kvammen | Katrine Dahle | Randi Bjerck Værøy Leirvåg | Vigdis Midtbø |
| Are Fjellestad | Gaute Barstad | Kjellrun Asp | Reidun Rylandsholm Liset | Walter Høyvik |
| Arild Hatlém | Geir Angel-Jacobsen | Kjersti Senneset | Rita Holsen | Wenche Hovland |
| Arne Midtun | Gerd Nygård | Klasse 10 Florø | Rita Hesvik Frøyen | Wenke D Rognaldsen |
| Arne Helle | Gjensidigestiftelsen | Ungdomsskole | Roald Leivestad | Øystein Hjalmar Hjertnes |
| Arnfinn Fagerstrøm | Grethe Alice Hammerseth | Knut Eikeland | Rolf Endestad | Åge Arne Larsen |
| Arve Iversen Seljeseth | Gro Helgås Asp | Knut Roald | Roy Boye Olsen | |
| Arvid Gilleshammer | Guri Langaas | Knut Anders Langlo | Runar Andre Silden | |
| Asbjørn Røyrvik | Hallgerd Frøyen | Kolbjørn Nybø | Rune Sunde | |
| Asbjørn Nybø | Hans Erik Stenseth | Kristian Berentzen | Sigmund Jofred Frøyen | |
| Astrid Greta Hammerseth | Harald Osland | Kristin Havn | Silje Helene Dypevik | |
| Atle Grytten | Hege Stokka | Kurt Sandal | Siri Stavang | |
| Audhild Teigen | Hege Jørgensen | Lene Kroppan | Sogn og Fjordane | |
| Bente Nilsen Halvorsen | Hege Bjerck Reksten | Lillian Frøyen | Fylkeskommune | |
| Bente Mari Ljøen Frøysa | Hege Merete Eggen | Magnar Wefring | Solveig Bjørnevikt | |
| Berit Hovland | Heidi Langeland | Magne Hovland | Solveig H Skaanenli | |
| Berit Rakvåg | Heidi Sårheim | Margrete Pedersen | Solveig Myhre Sunde | |
| Berit Helgås Asp | Heidi Vallestad Nygård | Maria Kristin Dypevik | Sparebanken Sogn og | |
| Bistro To Kokker | Helge Sårheim | Maria Rolness Nygård | Fjordane | |
| Bjarte Ellingsund | Hilde Bakke Sumstad | Marit Midtbø | Sparebankstiftelsen DNB | |
| Bjørg Holmen | Hilde Christine Bendixen | Marit Havn | Sparebankstiftinga Sogn og | |
| Bjørg Jansen | Hilde Marie Sund | Mathias Mortensen | Fjordane | |
| Bjørg Hovland | Ida Knapstad Nygård | Merete Elin Åberg | Solveig H Skaanenli | |
| Bjørn Sundal | Industri Energi Ewos | Modliv Bjørvik | Solveig Tore Gjesdal | |
| Bravo Seafood | Inge M. Nygaard | Morten Tvenge | Synneva Kolle Solheim | |
| Byen vår, Flørg | Inger Anna Sæthre | Niklas Flister | Sølvi Larsen | |
| Carsten Jørgensen | Fjellestad | Nils Jørgen Hansen | Sølvi Øvrebotten | |
| Cecilia Molander | Inger Svare Kvien | Nils Petter Tonheim | Sølvi Eltvik | |
| Cecilie Haaheim | Ingunn Ravnestad | Nina Kråkenes | Sørstrand Fus barnehage | |
| Dag Roald Bjerk | Irene Nenonen | Nor Tekstil AS | Tarjei Knapstad | |
| Dagfinn Krogsæter | Isabella Annie Flister | Norid Nydal | Tiina Mortensen | |
| Edit Gundersen | Jan Midtbø | Norunn Undem | Tom C/O Kristin Stålberg | |
| Einar Østby | Jan Block Helmers | Oda Frøyen Nybø | Tor Hjalte | |
| Eirik Ellingsund | Jan Henrik Standal | Oddbjørg Gjelsvik | Tor Olav Sande | |
| Eirik Rostad Ness | Jan Henrik Nygård | Oddbjørn Hovland | Tor Solheim Olsen | |
| | Jan Kåre Rognaldsen | Oddgunn Svardal | Torbjørn Orheim | |
| | | Oddlaug Nordal Fredheim | Tore Strømsøy | |

Vedtekter

§ 1 Navn

Foreningens navn er Sørstrand Folkepark.

§ 2 Formål og virkemidler

- 2.1 Foreningens formål er å utvikle og realisere Sørstrand Folkepark som rekreasjonssted for fastboende og besøkende i Florø.
- 2.2 Foreningen skal legge til rette for idretts- og fritidsaktiviteter for barn, ungdom og funksjonshemmede og vil samarbeide med skoler, barnehager og andre foreninger som ønsker å bruke parken.
- 2.3 Foreningen vil være hørings- og samarbeidsorgan overfor kommunen og andre instanser i saker som angår formålet.
- 2.4 Foreningen skal i sitt arbeid med å utvikle folkeparken, søke å ivareta naturen, miljøet og de kulturminnene som finnes.
- 2.5 Foreningen skal finansiere sitt arbeid primært via ulike støtteordninger fra offentlige instanser, private institusjoner og innsamlingsaksjoner.
- 2.6 Foreningens arbeid vil i stor grad være basert på frivillig innsats fra medlemmer og andre.

§ 3 Juridisk person.

- 3.1 Foreningen er en upolitisk, selveiende og frittstående juridisk person som drives på ideelt grunnlag.

§ 4 Medlemskap

- 4.1 Medlemskap er åpent for alle som ønsker det. Prisen for medlemskap fastsettes av årsmøtet. Det utstedes et medlemsbevis som benyttes som adgangstegn til årsmøtet. Alle som bidrar med gaver på minimum det medlemskapet koster, vil automatisk få status som medlem. Som medlem godtar man foreningens vedtekter og formål. Medlemskapet er gyldig fra den dagen pengene er mottatt, og gjelder på ubestemt tid.
- 4.2 Æresmedlemskap kan tildeles basert på stor frivillig innsats eller arbeid som på annen måte bidrar til å realisere formålet. Årsmøtet tildeler æresmedlemskap etter innstilling fra styret.
- 4.3 Årsmøtet kan ekskludere medlemmer som ikke respekterer foreningens vedtekter og formål eller som på annen måte bidrar til å motarbeide foreningens interesser.

§ 5 Årsmøte

- 5.1 Foreningens øverste myndighet er årsmøtet. Ordinært årsmøte holdes innen utgangen av april hvert år og skal kunngjøres minst 4 uker før.
- 5.2 Forslag til saker som skal behandles på årsmøtet, må være styret i hende senest 14 dager før.
- 5.3 Innkallingen skal angi de saker som skal behandles på årsmøtet, og skal gjøres tilgjengelig for medlemmene minst 1 uke før årsmøtet.
- 5.4 Årsmøtet er vedtaksført med det antall medlemmer som møter. Ingen medlemmer har mer

enn 1 stemme. Stemmegivning kan skje ved fullmakt.

5.5 Årsmøtet behandler:

1. Årsmelding

2. Årsregnskap

3. Valg av:

- Fem styremedlemmer
- To vararepresentanter
- Valgkomité på to medlemmer
- Revisor
- Eventuelle komiteer

4. Medlemskapssaker

5. Planer og prioriteringer for det kommende året

5.6 Det velges en dirigent til å lede årsmøtet, en referent og to medlemmer til å signere protokollen. Protokollen skal legges ut på hjemmesiden som del av årsrapporten.

5.7 Styremedlemmer og vararepresentanter velges for to år. Samtlige kan gjenvelges og kontinuitet må tilstrebdes.

5.8 Årsmøtets beslutninger fattes med alminnelig flertall blant de fremmøtte medlemmene.

5.9 Revisor og valgkomité rapporterer direkte til årsmøtet.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

6.1 Ekstraordinært årsmøte skal avholdes når styret finner det påkrevet. Innkalling og avvikling følger samme prosedyre som ved ordinært årsmøte, jfr. § 5. Innkallingsfristen er minst 14 dager.

6.2 Når minst 1/3-del av medlemmene krever det, skal det avholdes ekstraordinært årsmøte.

§ 7 Medlemsmøter

7.1 Medlemsmøter avholdes når styret finner det nødvendig og skal bekjentgjøres minst 14 dager forut.

§ 8 Velforeningens ledelse (styret)

8.1 Foreningen ledes av et styre som er foreningens øverste myndighet mellom årsmøtene. Styret konstituerer seg selv gjennom valg av leder og nestleder.

8.2 Styret skal:

- Iverksette de vedtak som årsmøtet fatter
- Stå for foreningens daglige ledelse og ivareta dens interesser overfor andre instanser
- Forvalte foreningens eiendeler/eiendom, herunder føre kontroll med foreningens økonomi
- Etter behov, oppnevne komiteer eller personer til å løse spesielle oppgaver
- Representere foreningen utad

8.3 Styret skal holde kvartalsvise møter, eller oftere ved behov.

8.4 Styrets vedtak skal protokolleres gjennom referater som arkiveres elektronisk og fysisk sammen med brevlig korrespondanse.

8.5 Styret, ved leder og nestleder sammen, har signaturrett.

8.6 Styret er beslutningsdyktig når minst 3 representanter er til stede. Vararepresentanter skal motta saksinformasjon, og innkalles ved behov. Som vararepresentant har man møterett.

8.7 Styrebeslutninger krever alminnelig flertall. Ved stemmelikhet, skal leders dobbeltstemme avgjøre.

§ 9 Vedtektsendringer

9.1 Vedtektsendringer krever 2/3 flertall og må vedtas på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringene trer i kraft umiddelbart.

§10 Opplosning. Sammenslutning. Deling.

10.1 Opplosning av foreningen kan behandles på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtaket krever 2/3 flertall. Det skal velges et avviklingsstyre som skal forestå avviklingen.

10.2 Foreningens formue skal, etter opplosning og gjeldsavleggelse, tilfalle formålet eller beslektede formål i nærområdet. Ingen medlemmer har krav på foreningens midler.

10.3 Sammenslutning med andre foreninger eller deling av foreningen anses ikke som opplosning. Vedtak om sammenslutning/deling og nødvendig vedtektsendringer i denne forbindelse treffes i samsvar med bestemmelsene om vedtektsendring (§ 9). Styret skal i den forbindelse utarbeide en plan for sammenslutningen/delingen som årsmøtet skal stemme over. Ved sammenslutning eller deling skal det innhentes samtykke fra foreningens kreditorer.

Treng du pengar til ny bustad? So bra!

Kom og fortel oss om bustadplanane dine. Vi strekkjer oss så langt vi kan for å hjelpe deg. At du kjem til Sparebanken Sogn og Fjordane og ber om bustadlån er berre **So bra!**

ssf.no

so bra